

[Sjå denne e-posten i ein nettlesar](#)

**DET
NORSKE
TEATRET** | Nyheitsbrev

Direktestrøyming av *Bienes historie* - der folk er!

No har du moglegheit til å tilby *Bienes historie*, direkte frå Hovudscenen på Det Norske Teatret, til ditt publikum der dei er.
Les meir om kva og korleis under.



Samarbeid med bibliotek og kulturhus

Maja Lundes suksessroman, *Bienes historie*, har blitt musikal. Grunna koronasitusjonen, med få publikummarar i salen, har Det Norske Teatret valt å direktestrøyme enkelte framsyningar denne hausten. Det betyr også at publikum i heile Noreg kan oppleve framsyninga samtidig!

Datoar for direktestrøyming:

- Tysdag 22. september kl. 19.00
- Onsdag 7. oktober kl. 19.00
- Fredag 16. oktober kl. 11.00

Først får du ein samtale mellom forfattar Maja Lunde og litteraturagent Annette Orre (35 minutt). Sjølve framsyninga startar kl. 20.00 (16.10 kl 12.00). Framsyninga varar i om lag 2 timar og 30 minutt, inkludert ein pause på 20 minutt.

Pris for gruppestrøyming av *Bienes historie* som gratisarrangement:

10-20 i publikum: kr 1500
21-30 i publikum: kr 2500
31-50 i publikum: kr 3500
51-100 i publikum: kr 5000
101-200 i publikum: kr 7500

Prisane over er om du ønskjer å vise strøyminga gratis til publikum. Om du ønskjer at publikum skal betale for billett til gruppestrøyminga, gjeld egne avtalar. Ta kontakt med oss for å få vite meir om dette.

Praktisk info:

- Når du kjøper ein billett til gruppestrøyminga, får du ei lenkje frå oss på e-post.
- Du må sjølv ha eit lokale, tilgang til internett, og ein måte å vise strøyminga (projektor, TV osv.) samt moglegheit til å spele av lyd.
- Strøyminga skjer direkte, og startar presis. Det er ikkje mogleg å stoppe avspelinga, eller å spole tilbake.
- Hugs at reglane for smittevern krev at det er minimum 1 meter avstand mellom ulike kohortar, og at makstal på publikum er 200.



Kritikarane skriv:

«Høstens største norske teatersatsning. At det i det hele tatt er mulig i den tiden vi er inne i nå er en kilde til forundring og beundring»

- Dagbladet


«...en nyskaping av en sceneforestilling. Stilisert, storslagen og mangefasettert, men ambisiøs og kompleks til bristepunktet»

- Dagsavisen

«en fengende musikalopplevelse og et livsviktig budskap»

- Vårt Land





Musikk, dans og teater


Bienes historie er eit unikt samarbeid mellom Det Norske Teatret og Nasjonalballetten. På scenen møter du skodespelarar, dansarar og eit barnekor. I tillegg er det eit orkester som framfører musikken som er laga av Nils Bech.

Les meir om dei kunstnarlege elementa i artiklane under.



«Nokre dagar er eg veldig optimistisk og tenkjer at vi menneske har krafta og viljen i oss å endre kurs.»

[Les intervju med Maja Lunde.](#)



Nils Bech har laga musikken til *Bienes historie*: «**Det er ein slags kakafoni av ulike musikkretningar, på nynorsk.**»

[Les intervju med Nils Bech.](#)

Cina Espejord har laga koreografien til *Bienes historie*: «**Med dans kan eg seie**



«Eg elsker deg» i fem minutt!»

[Les intervju med Cina Espejord.](#)



Sjå film om direktestrøyminga av Bienes historie

Ønskjer du å tilby *Bienes historie* til ditt publikum?

Ta kontakt med meg på
e-post: kirsti.ervik@detnorsketeatret.no
telefon: 91191701

Beste helsing
Kirsti Ervik
Kommunikasjonsavdelinga

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Twitter](#)

Adressa vår er:
Det Norske Teatret
Kristian IVs g. 8
0164 Oslo

T: +47 22 42 43 44

www.detnorsketeatret.no

Vil du endre på kva e-postar vi skal sende deg?

Du kan [melde deg av denne e-post-lista her.](#)

SPONSOR

